

Fra: Kjerstin Kragseth <kjerstinkragseth@gmail.com>
Sendt: torsdag 10. august 2023 12:05
Til: Karoline.Hareide.Breivik@vlfk.no; peter.forras@vlfk.no
Kopi: Frank Tollefsen; Post Osterøy
Emne: Sprengingsarbeid tett på bygningar frå før 1850 i Mjelddalen, Osterøy
Vedlegg: Presteenkesete 2 gnr_bnr 53_7 (Sefrak).png; Presteenkesete 1 Fagerheim, gnr_bnr 53_9 (Sefrak).png; Mjelddalen ubb-w-f-084601_md.jpg; Varsel om nattarbeid i Mjelddalen.pdf

Hei

Eg refererer til samtale med Karoline Hareide Breivik før ferien angående sprengingsarbeid i Midtmjelde (Midt Mjelde eller Mitre Mjelde) på Osterøy, tett innpå to bygningar frå før 1850.

Ein har i samband med at det blir lagt vatn og avløp opp gjennom heile Mjelddalen, fått melding frå Osterøy kommune (**sjå vedlegg, brev**) om at det vert starta sprenging av grøfter i det smale vegløpet mellom dei to presteenkeseta i Midt Mjelde frå 28. august 2023 og i ca. ein månad. Det kan vere snakk om boring, pigging og sprenging av fjell. Prosjektet har nytta georadar for å avdekke evt. fjell under vegen.

Vår bekymring gjeld dei to presteenkesetene frå slutten av 1600-talet, Mjelddalen nummer 148 (gnr/bnr 53/9) og Mjelddalen 155 (gnr/bnr 53/7). Vi veit at sjølvse husa er frå før 1850, men ikkje nøyaktig alder. Det ser ikkje ut til at dei er freda.

Begge husa ligg tett opptil den smale vegen, og det er risiko for at både grunnmurar, kjellarar og steintrapper, samt laftekassar og tak kan bli skada (**sjå to vedlegg, Sefrak**). Byggeleiar har informert om at det vert sett opp målingsutstyr på begge bygga, men det fungerer ikkje som vern mot skade, kun som dokumentasjon i forhold til erstatning for vøling

Presteenkeseta stammar frå den tida det var to kyrkjer i området, Haus kyrkje og Mjelde kyrkje:

https://norgeskirker.no/wiki/Mjelde,_forsvunnet_kirke
https://norgeskirker.no/wiki/Haus_kirke

Mjelddalen har eit særskilt vern når det gjeld landbruk, kulturminne og kulturmiljø, både mht. Gardsstrukturar, steingardar, geiler og fegater, fornminne og yngre kulturminne, og er det eldste kulturmiljøet på Osterøy med spor heilt frå steinalderen (**sjå vedlagt foto frå Marcus, UBB**).

Ifølge SEFRAK, sekretariatet for registrering av kulturminne i Noreg, som kartfesta, målte opp og fotograferte bygningar over heile landet i tida 1975-1995, er presteenkeseta frå siste kvartal av 1600-talet. Det betyr at det er mulig at i alle fall delar av bygningsstrukturane er frå før 1800-talet.

Tiltaket er ikkje meldt inn til fylkeskommunal vurdering i forhold til bygningsvern, kun i forhold til fornminne. Sidan dette er fylkeskommunale ansvarsområde, ber vi om at det vert teke tak i dette snarast, slik at dei to tidlegare presteenkeseta vert skjerma i høgast mogeleg grad.

Ansvarshavande for veg vatn og avløp i Osterøy kommune er Andreas Sylta tlf. 46280142. Byggeleiar for tiltaket er Frank Tollefsen tlf 91565652

Med venleg helsing

Mjelddalen forening for kulturmiljø og historie
v/ Kjerstin Kragseth, styreleiar